

Plan- og miljøutvalet

Møteprotokoll

Møtedato:	04.06.2026
Møtestad:	Øygarden rådhus - Kultursalen
Møtetid:	Kl. 11:15 - 16:30

Synfaring:**Avreise Rådhuset: 11:15****Austemarka: 11:50****Herdleværsvegen 111: 12:25****Rådhuset: 13:30****Pause: 13:30-14:00****Ordinært møte: 14:00**

Medlemer som møtte	Parti
Silje Ulveseth	Arbeidarpartiet
Anfinn Hammer Feng	Fremskrittspartiet
Anita Vindenes	Høgre
Elisabeth Erichsen Sandvik	Høgre
Michael Sangolt	Høgre
Trond Ågotnes	Industri- og næringspartiet
Børge Haugetun	Sotralista-TVØ
Symphorien Pombe	SV - Sosialistisk Venstreparti

Medlemer med forfall	Parti	Vara som møtte	Parti
Rebekka Bjelkarøy Moldøen	Ap	John Alvsvåg	MDG
Ole Iben Vårdal	H	Merete Rong Sløveren	H
Josefine Gjertine Bergstrøm	KrF		

Andre som møtte	Rolle
Trond Heggstad	Barn- og unge sin talsperson

Frå administrasjonen møtte:

Lena Svalastog Garnes

Tonje Kyrkjeeide Åsebø

Are Frøysland Grande

Reidun Våge Danielsen

Hanna Gjesdal

Christer Garman

Møteleiar	Børge Haugetun
Møtesekretær	Lisbeth A. Lyngbø

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev difor ingen signatur.

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel	Uoff
034/26	Godkjenning av innkalling, saksliste og møteprotokoll	
035/26	Referatsaker og orienteringar	
036/26	Sluttbehandling av detaljregulering for RAN seglbåthamn - GBNR 37/8 m.fl. - Anglavika	
037/26	Tilslutning til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2027 - 2029	
038/26	Forvaltningsplan for grågås Øygarden kommune	
039/26	GBNR 238/675 og 789 - Klage på delegert vedtak 020/26 - Vedtak om dispensasjon og rammeløyve for oppføring av støyskjerm i form av torvmur	
040/26	GBNR 246/10 - Klage på delegert vedtak 1641/25 - Avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av påbygg til garasje	
041/26	Spørsmål	

034/26: Godkjenning av innkalling, saksliste og møteprotokoll

Forslag frå kommunedirektøren

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik han ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

Plan- og miljøutvalet 04.06.2026

Behandling i møtet

Denne saka vart lagt til sakskartet 03.06.26:

- PS 038/26 Forvaltningsplan for grågåås Øygarden kommune

Plan- og miljøutvalet slutta seg samrøystes til å behandla saka i møtet.

Votering

Forslag frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet 04.06.2026 - saksnr. 034/26

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik han ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

035/26: Referatsaker og orienteringar

Forslag til vedtak

Eventuelle referatsaker og orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Plan- og miljøutvalet 04.06.2026

Behandling i møtet

REFERATSAKER

Det var ingen merknader til referatsakene.

ORIENTERINGAR

Status og aktuelle saker frå kommunalsjef Silje Haukedal med fleire

Arealforvaltning v/Are Frøysland Grande

Plan v/Lena Svalastog Garnes

- Status Strategiplan for klima og miljø v/Hanna Gjesdal

Eventuelle presentasjoner vert lagt ved denne saka.

Det var ingen merknader til orienteringane.

Votering

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet 04.06.2026 - saksnr. 035/26

Eventuelle referatsaker og orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

036/26: Sluttbehandling av detaljregulering for RAN seglbåthamn - GBNR 37/8 m.fl. - Anglavika

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

I medhald av plan- og bygningsloven § 12-12, godkjenner kommunestyret detaljregulering for RAN seglbåthamn, gbnr. 37/8 m.fl. – Anglavika, PlanID: 20210007.

Følgjande dokument blir vedteke:

- Plankart, sist revidert 06.02.2026
- Føresegner, sist revidert 19.05.2026
- Planskildring, sist revidert 19.05.2026

Plan- og miljøutvalet 04.06.2026

Behandling i møtet

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet 04.06.2026 - saksnr. 036/26

Plan- og miljøutvalet har slik tilråding i saka:

I medhald av plan- og bygningsloven § 12-12, godkjenner kommunestyret detaljregulering for RAN seglbåthamn, gbnr. 37/8 m.fl. – Anglavika, PlanID: 20210007.

Følgjande dokument blir vedteke:

- Plankart, sist revidert 06.02.2026
- Føresegner, sist revidert 19.05.2026

- Planskildring, sist revidert 19.05.2026

037/26: Tilslutning til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2027 - 2029

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Kommunestyret sluttar seg til handlingsprogrammet til Miljøløftet for 2027–2029, slik det ligg føre som vedlegg til saka.

Plan- og miljøutvalet 04.06.2026

Behandling i møtet

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag vart samrøytes tilrådd.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet 04.06.2026 - saksnr. 037/26

Plan- og miljøutvalet har slik tilråding i saka:

Kommunestyret sluttar seg til handlingsprogrammet til Miljøløftet for 2027–2029, slik det ligg føre som vedlegg til saka.

038/26: Forvaltningsplan for grågås Øygarden kommune

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Plan- og miljøutvalet vedtek at forvaltningsplan for grågås i Øygarden kommune 2026 - 2030, vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Plan- og miljøutvalet 04.06.2026

Behandling i møtet

Orientering

Are Frøysland Grande orienterte om saka og svarte på spørsmål frå utvalet.

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag samrøytes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet 04.06.2026 - saksnr. 038/26

Plan- og miljøutvalet vedtek at forvaltningsplan for grågås i Øygarden kommune 2026 - 2030, vert lagt ut til offentlig ettersyn.

039/26: GBNR 238/675 og 789 - Klage på delegert vedtak 020/26 - Vedtak om dispensasjon og rammeløyve for oppføring av støyskjerm i form av torvmur

Forslag til vedtak

Plan- og miljøutvalet tek ikkje klagen til følge og delegert vedtak 020/26, datert 18.02.2026, vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

Plan- og miljøutvalet 23.04.2026

Utsetjingsforslag Michael Sangolt H

Plan- og miljøutvalet utset saka og ber om synfaring.

Behandling i møtet

Votering

Utsetjingsforslaget frå Michael Sangolt (H) vart samtøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet 23.04.2026 - saksnr. 029/26

Plan- og miljøutvalet utset saka og ber om synfaring.

Plan- og miljøutvalet 04.06.2026

Behandling i møtet

Synfaring

Saka var utsett frå sist møte. Utvalet var på synfaring på staden 04.06.26.

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag samrøytes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet 04.06.2026 - saksnr. 039/26

Plan- og miljøutvalet tek ikkje klagen til følge og delegert vedtak 020/26, datert 18.02.2026, vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

040/26: GBNR 246/10 - Klage på delegert vedtak 1641/25 - Avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av påbygg til garasje

Forslag til vedtak

Plan- og miljøutvalet vedtek å ikkje ta klagen til følge og delegert vedtak 1641/25, datert 20.11.2025, vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

Plan- og miljøutvalet 23.04.2026

Utsetjingsforslag Michael Sangolt H

Plan- og miljøutvalet utset saka og ber om synfaring.

Behandling i møtet

Votering:

Utsetjingsforslaget frå Michael Sangolt (H) vart samrøystes vedteke

Vedtak i Plan- og miljøutvalet 23.04.2026 - saksnr. 030/26

Plan- og miljøutvalet utset saka og ber om synfaring.

Plan- og miljøutvalet 04.06.2026

Fellesforslag Anfinn Hammer Feng FrP

Utvalet har vurdert omsøkt tiltak om påbygg/utviding av eksisterande garasje til eit bebygd areal (BYA) på 70 m². Tiltaket er i strid med kommuneplanen si føresegn 14.1 for LNF-spreidd bustadområde, som set ei øvre ramme på 50 m² for garasje.

Tiltaket er derfor avhengig av dispensasjon etter plan- og bygningsloven § 19-2.

Føresegna om maksimal garasjestorleik har som formål å sikre avgrensa utbygging og å ta vare på LNF-området sitt preg. Den omsøkte utvidinga gjeld etablering av eit påbygg på eksisterande bebygd garasje og fører ikkje til nye inngrep i urørt areal utover det som allereie er teke i bruk.

Tiltaket vurderast å ha avgrensa visuelle og landskapsmessige konsekvensar, og vil ikkje vesentleg endre området sitt karakter. Påbygget vil også vera underordna eksisterande bustadhus.

Tiltaket er avgrensa i omfang, og det er ikkje registrert vesentlege ulemper for naboar eller allmenne interesser. Det leggst også vekt på at tiltaket gjeld eit påbygg på eksisterande bygg, noko som reduserer samla belastning på området.

Hensyna bak planen blir ikkje vesentleg tilsidesette, og fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene.

Fordelane ved å gje dispensasjon er at ein får ein konsentrert utbygging på eksisterande bebygd areal som gjev eit tenneleg uteareal i ly for naturkreftene i området.

Etter ei samla vurdering meiner utvalget at vilkåra for dispensasjon etter pbl. § 19-2 er oppfylte.

Behandling i møtet

Synfaring

Saka var utsett frå sist møte. Utvalet var på synfaring på staden 04.06.26.

Votering

Fellesforslaget vart samrøytes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet 04.06.2026 - saksnr. 040/26

Plan- og miljøutvalet har slik vedtak i saka:

Utvalet har vurdert omsøkt tiltak om påbygg/utviding av eksisterande garasje til eit bebygd areal (BYA) på 70 m². Tiltaket er i strid med kommuneplanen si føresegn 14.1 for LNF-spreidd bustadområde, som set ei øvre ramme på 50 m² for garasje.

Tiltaket er derfor avhengig av dispensasjon etter plan- og bygningsloven § 19-2.

Føresegna om maksimal garasjestorleik har som formål å sikre avgrensa utbygging og å ta vare på LNF-området sitt preg. Den omsøkte utvidinga gjeld etablering av eit påbygg på eksisterande bebygd garasje og fører ikkje til nye inngrep i urørt areal utover det som allereie er teke i bruk.

Tiltaket vurderast å ha avgrensa visuelle og landskapsmessige konsekvensar, og vil ikkje vesentleg endre området sitt karakter. Påbygget vil også vera underordna eksisterande bustadhus.

Tiltaket er avgrensa i omfang, og det er ikkje registrert vesentlege ulemper for naboar eller allmenne interesser. Det leggst også vekt på at tiltaket gjeld eit påbygg på eksisterande bygg, noko som reduserer samla belastning på området.

Hensyna bak planen blir ikkje vesentleg tilsidesette, og fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene.

Fordelane ved å gje dispensasjon er at ein får ein konsentrert utbygging på eksisterande bebygd areal som gjev eit tenneleg uteareal i ly for naturkreftene i området.

Etter ei samla vurdering meiner utvalet at vilkåra for dispensasjon etter pbl. § 19-2 er oppfylte.

041/26: Spørsmål

Forslag til vedtak

Spørsmål med svar og innspel i saka vert teke til orientering.

Plan- og miljøutvalet 04.06.2026

Vedlikehaldsplanar for kommunale bygg og eigedom Michael Sangolt H

1. Etterslepet på vedlikehald er, som vi veit stort, men i kva grad er det utarbeida og forelegg planar både på overordna eller meir detaljert nivå?

Korleis er både bestilling og praksis organisert og korleis vert oppdrag og tiltak prioritert og fylgt opp/utført?

2. Sjølv med leverandøravtalar på mange områder innan vedlikehald og drift, så bør det vere rom for at til dømes FAU ved ein skule kan foreta enkel og kurant malerarbeid dersom behov og initiativ?

Svar:

1. Administrasjonen ønskjer å kome tilbake med ei eiga orientering om dette etter sommarferien.

Bakgrunnen for dette er at det allereie i dag ligg føre både overordna og meir detaljerte planar for vedlikehald av kommunen sine bygg og eigedomar. Samstundes er Byggforvaltning no midt i eit arbeid med å vidareutvikle og systematisere styringsgrunnlaget for eigedomsforvaltninga. Dette arbeidet omfattar mellom anna implementering av MultiMap som overordna styrings- og analyseverktøy for eigedomsporteføljen.

MultiMap skal bidra til å samle informasjon om bygga sine tilstandsvurderingar, vedlikehaldsbehov, investeringsbehov, risiko og prioriteringar i eitt felles system. Verktøyet vil gje både administrativ og politisk leining eit betre grunnlag for å sjå samanhengen mellom bygningsmessig tilstand, økonomiske rammer og prioriterte tiltak over tid. Dette vil styrkje moglegheita for langsiktig planlegging og meir kunnskapsbaserte prioriteringar.

Når implementeringsarbeidet er kome lenger, vil administrasjonen kunne leggje fram ei meir heilskapleg orientering som mellom anna omfattar:

- status for vedlikehaldsetterslepet og tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag
- overordna og detaljerte vedlikehaldsplanar
- korleis bestillingar og oppdrag vert organiserte og handterte
- prinsipp for prioritering av tiltak
- korleis oppdrag vert følgde opp, dokumenterte og rapporterte
- korleis MultiMap vert nytta for styring og oppfølging

Administrasjonen vurderer at ei slik orientering etter sommarferien vil gje eit meir fullstendig og oppdatert bilete av både dagens praksis og den vidare utviklinga av eigedomsforvaltninga.

2. Administrasjonen er ikkje framand for at FAU eller andre brukargrupper kan bidra med enkle og kurante tiltak, som til dømes mindre målararbeid, etter nærare avtale med kommunen.

Det er viktig at slike tiltak vert avklarte på førehand. Kommunen har som eigar eit ansvar for at arbeid som vert utført på kommunale bygg og eigedomar skjer på ein trygg og forsvarleg måte, og må difor ta omsyn til krav innan HMS, sikkerheit, materialval og praktisk gjennomføring. Dette gjeld særleg når arbeidet skal utførast av frivillige eller personar som ikkje er tilsette i kommunen.

Det administrasjonen er meir tilbakehalden med, er tiltak som inneber etablering av nye installasjonar, anlegg eller løysingar på kommunale bygg og eigedomar som kan medføre auka drifts-, vedlikehalds- eller utskiftingskostnader i framtida. Slike tiltak må vurderast i eit heilskapleg eigedoms- og driftsmessig perspektiv.

Innanfor desse rammene ser administrasjonen positivt på initiativ og engasjement frå FAU og andre brukargrupper som ønskjer å bidra til trivsel og gode omgjevnader ved skulane.

Behandling i møtet

Spørsmål med svar vart presentert i møtet.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet 04.06.2026 - saksnr. 041/26

Spørsmål med svar og innspel i saka vert teke til orientering.